



Notat

Dato: 27.11.2014
Arkivsak: 2014/1636-4
Saksbehandlar: brispje

Til: Toppleiargruppa

Frå: Fylkeskultursjefen

Sykkel VM 2017 og Tour the Fjords

1) BAKGRUNN

25. september 2014 vart Norges Cykleforbund tildelt Sykkel VM 2017. Arrangementet skal gjennomførast i Bergen og Bergensregionen. Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen, Øygarden, Askøy, Fjell og Sund er medarrangørar.

Sykkel-VM er eit av verdas største idrettsarrangement, og er truleg det største sommaridrettsarrangementet som Norge kan vere vertskap for. Meisterskapet samlar deltakarar frå alle verdsdelar med over 70 deltakande nasjonar, og har stor mediemerksemd med meir enn 300 millionar reelle TV-sjåarar.

Fylkestinget 11. juni 2013 løyvde kr 15 mill. til arrangementet i samsvar med saksutgreiinga (20130800-1). Summen vart sett av på disposisjonsfond i samband med avsluttinga av rekneskapen for 2012. I saka står det at HFK sitt bidrag omhandlar;

1. direkte arrangementstøtte
2. tilretteleggingskostnader for kollektivtransport
3. støtte til folkehelseiltak.

Det er ikkje definert kor mykje som skal gå til dei ulike områda. Hordaland fylkeskommune må periodisere utbetalinga av det løyvde tilskotet 2015-2017.

Kulturdepartementet har løyvd kr 30 mill til arrangementet (brev av 17.12.13). Midlane skal dekke;

1. meisterskapet sitt behov for midlertidige veg-, sikkerheits- og kollektiviltak
2. politiet sine meirkostnader i samband med stenging og regulering av løypetraseen under gjennomføring av ritta
3. tilskot til eit frivilligheitsprogram.

Søknaden om tilskot til folkehelse- og marknadsføringstiltak vart ikkje imøtekome.

Første kvartal i 2015 vert "Bergen 2017 AS" etablert, og det skal ha ansvar for den vidare planlegginga og gjennomføringa av Sykkel VM 2017. Norges Cykleforbund vil vere hovudeigar av selskapet, og det må

avklarast om aktørar i Bergen og Hordaland skal vere ein del av eigarstrukturen. Eigarane fastset kven som deltek i styret.

Hovedkomité for arrangementet vert også oppretta i 1.kvartal. Fylkeskommunen vert invitert til å delta i denne komiteen. I 2. kvartal blir det etablert ulike utvalg og arbeidsgrupper m.a. knytta til transport og logistikk, kommunikasjon og marknadsføring, presse og media, kultur og folkefest, frivilligheitsprogram og sykkelprogram/aktivitetstiltak. I fleire av desse gruppene er det ønskeleg med deltaking frå HFK. Det er viktig at toppleiargruppa tek stilling til kva rolle fylkeskommunen ønskjer å ta i høve til deltaking i organiseringa av Sykkel VM 2017 på ulike nivå.

Kva ønskjer ein å oppnå? Gjennom ei felles arbeid med Sykkel VM 2017 i Hordaland kan vi;

- * gjennomføre eit flott Sykkel VM 2017 for utøvarar, trenarar, leiarar, media og publikum
- * få fleire til å bruke sykkel til rekreasjon, trening og transport heile året ved betre tilrettelegging
- * auka bevisstheit om sykling sine positive effektar knytta til folkehelse
- * auka kompetanse og kapasitet i sykkelklubbar i Hordaland
- * styrke reiselivssatsninga
- * skape entusiasme og stoltheit i befolkninga.

Kvifor skal Toppleiargruppa ha saka? Fylkeskommunen har ei sentral rolle for å nå desse måla både i kraft av eigne ansvarsområder og tiltak, som inspirator og rettleiar for kommunane og som koordinator og tilretteleggar for samarbeid mellom offentlege, private og frivillige aktørar regionalt og lokalt. Sykkel VM 2017 er ein fin arena å invitere til samarbeid og involvering på tvers av avdelingar, både i høve ekstern og intern satsing. Sykkel VM 2017 kan også markerast og nyttast internt i fylkeskommunen sin organisasjon i HMT- arbeidet.

Kva for avdelingar angår saka? Kultur og idrett, samferdsel, regional (folkehelse, plan, næring, miljø), opplæring og organisasjon.

Kva er realismen i å nå måla? Fylkeskommunen har allereie ein brei innsats med å legge til rette for sykling gjennom m.a. folkehelsearbeid, planarbeid, vegbygging, utvikling av turløyper med lys, regionalt og internasjonalt samarbeid om sykkelløyper og informasjon.

Fylkestinget har avsett kr 15 mill til Sykkel VM 2017, og posisjonen foreslår i budsjett 2015 å løyve kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar. I budsjettframlegget frå FrP/H/V ber dei Fylkesutvalet be om ei sak i første kvartal 2015 der prosjektet blir konkretisert. I tillegg forvaltar fylkeskommunen statlege tilskotsmidlar frå ulike departement og samordnar desse med fylkeskommunale tilskotsordningar. Det må vurderast korleis enkelte av desse kan spissast mot arbeidet med Sykkel VM 2017 (i stor grad bunde opp av eigne retningslinjer) og ressursane er avgrensa.

Korleis bør HFK arbeide med Sykkel VM 2017? Det er viktig å satse på tiltak som kan vere levedyktige, også etter 2017, for å skape grunnlag for ei varig verdiskaping knytt til auka bruk av sykkel. Gode eksisterande tiltak bør løftast fram og bli synleggjort, og vurdert sett inn i ein større samanheng. Eit tett samarbeid med Statens Vegvesen, sykkelgruppa i Bergensprogrammet, kommunar, frivillige organisasjonar (særleg Syklistenes Landsforbund og Hordaland sykkelkrets/ sykkelklubbar) er avgjerande for å lukkast.

Det er nødvendig med involvering av ulike avdelingane i planlegging og gjennomføring av Sykkel VM 2017. Skyss har ei avgjerande rolle i høve til å utarbeide ein fullstendig trafikkplan med konsekvensanalyse. Haustferien for skulane bør leggjast til gjennomføring av Sykkel VM 2017. Korleis kan elles dei vidaregåande skulane involverast for å nå dei overordna måla? Kan Sykkel VM 2017 bidra til eit meir berekraftig miljø gjennom auka kvardagssykling og sykkelopplæring til barn og ungdom? Korleis løfte fram folkehelseverdien ved at folk i Hordaland er meir aktive på sykkel? Kva rolle vil fylkeskommunen ha i det pågåande anti-doping arbeidet? Bør utdanningsinstitusjonar som UiB, HiB og NHH utfordrast i høve til

FoU-arbeid? Kva rolle bør Media City Bergen ha? Aktiv ferie i attraktiv natur er ein av hovudårsakene til at turistar vitjar Hordaland. Korleis kan samhandlinga mellom det offentlege, private og organisasjonar synleggjerast og styrkast i samband med Sykkel VM 2017? Korleis kan Sykkel VM 2017 nyttast internt i fylkeskommunen?

I klimaplanens handlingsprogram og i regional kulturplan er det foreslått (vert handsama i fylkestinget i desember) eit felles tiltak «Sykkel VM kvar dag».

Tour des Fjords AS søker i brev datert 03.10.2014 om ei årleg bevilgning i 2015-2017 på kr 1 mill i tilskot til gjennomføring og planlegging av arrangementet. I 2015 er arrangementet planlagt gjennomført med eit 5 dagarsritt for profflag 27.-31 mai. Totalbudsjettet er på kr 18 mill. Tour des Fjords AS er eigd av Stavanger Sykle Klubb (50%) og Nordsjørittet (50%). Tour des Fjords er ei vidareføring og utviding av Rogaland Grand Prix, som vart arrangert frå 2008. I 2014 løyvde Hordaland fylkeskommune kr 250.000 til å utvide Tour des Fjords til Hordaland. I tillegg til ritta legg arrangøren til rette for arrangement for barn og andre kulturaktivitetar knytt til løypa for å tilretteleggje for ein brei folkefest. Gjennom medieavtalar vil folkefesten få sendetid i TV2 hovudkanal/ sportskanal og Eurosport 2 kvar dag under arrangementet.

Tour des Fjords AS ønskjer å styrke eigarskapet til arrangementet og vidareutvikle det i Hordaland ved å knytte til seg sykkelmiljøet i fylket. Dette er også viktig i høve til å bygge opp arrangementskompetanse fram mot Sykkel VM 2017.

I budsjettframlegg for 2015 har fylkesrådmannen tilrådd at det vert sett av kr 70.000 til vidareutvikling av Tour des Fjords i Hordaland. Toppleiargruppa må ta stilling til korleis fylkeskommunen ønskjer å forholde seg til Tour des Fjords. Byrådet har i sak 355/14 «Byrådets tilleggsinnstilling til Budsjett 2015/ Økonomiplan 2015/18 foreslått å løyve kr 500.000 i 2015 og kr 750.000 i 2016 til Tour des Fjords. I brev til Tour des Fjords AS av 25. november 2014 skriv Bergen kommune;

Det er en forutsetning at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har en koordinert støtte til TDF for gjennomføring av TDF 2015. En videre støtte i 2016 og 2017 betinger at den lokale og regionale forankringen kommer på plass i løpet av 2015, og at Hordaland fylkeskommune har koordinerte forpliktelser.

2) AVKLARINGAR

Legg fram til drøfting i toppleiargruppa om korleis Sykkel VM 2017 skal gjennomførast som eit felles tiltak i Hordaland fylkeskommune, kva ambisjonar ein skal ha på ulike fagområder, korleis midlar skal forvaltast og kva organisering som er ønskjeleg for å samordne og involvere på tvers av avdelingar. Toppleiargruppa må også ta stilling til om fylkeskommunen ønskjer å sjå Tour des Fjords i samanheng med arbeidet med Sykkel VM 2017, og korleis dette arrangementet av kan støttast gjennom ulike verkemiddel.